



Alle skal med



Vinje Arbeidarparti Valprogram 2007-2011



1. Børre Rønningen, Åmot



2. Gunn Seltveit Bøe,
Arabygdi



3. Tor Strømme, Åmot



4. Hans Vandaskog
Nesheim, Haukeli



5. Ellen Gardsteig,
Rauland



6. Christian Kongshem,
Rauland



7. Haldis Kleiv, Bøgrend



Til deg som les dette programmet:

Me som bur i Vinje er godt vane med ein god kommuneøkonomi, og kommunen har dermed kunna gjeva eit godt tilbod av tenester både til næringsdrivande og alle andre innbyggjarar.

Det er eit stort ansvar å forvalte store ressursar, og det krev ein god rygg. I Vinje Ap er me opptekne av å ha ei edrueleg og kritisk haldning til korleis me nyttar ressursane våre, slik at tilboda er gode og tenestene vert gjevne på best mogeleg vis. I trongare tider vil me skjærme dei som treng dei kommunale tenestene mest.

Når du les gjennom dette programmet vonar me at du vil tykkje du får svar på korleis Vinje Ap vil handtere og påverke forvaltninga av dei kommunale ressursane i neste valperiode. Om du tykkjer det vi står for er i samsvar med dine verdiar og tankar om korleis eit godt samfunn skal vera, vil me også gjerne invitere deg til taka del i det politiske arbeidet vårt.

Næringsutvikling og arbeid:

Dei nasjonale rammevilkåra for næringslivet i distrikta er under konstant press og endring.

Både landbruk, reiseliv, ulike handverksfag, bygnærning, industri og handel må fornye seg og møte nye krav og utfordringar på ein offensiv måte. Vinje AP vil vera med å leggje til rette for utvikling og sikring av arbeidsplassar, m.a. gjennom aktivt samarbeid med ulike næringar for å utarbeide handlingsplanar og tidsavgrensa prosjekt.

Vinje AP vil halde fram med arbeidet med å byggje opp næringsfondet, slik at ein kan ha midlar til å føre ein aktiv kommunal næringspolitikk.

Vidare vil me:

- **At kommunen skal gjeninnføre tilskotsordninga for ungdom i summararbeid.**
- **At bedrifter innan kommunen skal kunne få tilskot til å ta inn lærlingar.**
- **At talet på lærlingar i ulike kommunale verksemdar skal aukast.**

Industri, små og mellomstore verksemdar:

Det er viktig å taka vare på og utvikle det industrielle miljøet me har, satse på dei gode ideane, gründerane, og samstundes leggje til rette for at dagens verksemdar kan bli supplerte med nyetableringar.

Vinje har mykje å by på i konkurranse med andre bygder, til dømes:

- **billeg straum.**
- **breiband.**
- **gode offentlege tilbod.**
- **eige næringskontor.**
- **eit rikt kulturliv, unik natur og friluftsområde.**

Me går inn for :

- **Å styrkje eksisterande verksemdar innan mekanisk industri og næringsmiddelproduksjon.**
- **Industriell knoppskyting.**
- **Å sikre at straumrefusjonen kjem straumforbrukarane til gode.**
- **Å skipe eit eige "Innovasjon Norge"- kontor for ungdom (i Tinn, Tokke og Vinje).**

Jordbruk/skogbruk:

Me vil støtte arbeidet som er i gang i næringa for å fornye og vidareutvikle drift og produksjon. Sterkare satsing på økologiske driftsformer, tradisjonsmat, gardsturisme og småskalaproduksjon er viktig.

I tråd med dette går me inn for:

- **Å vera ein aktiv pådrivar for å auke mjølkekvotane i lokalområdet.**
- **Nærings- og landbrukssenter.**
- **At skog og landbrukseigedomar skal tilbakeførast til lokale eigarar til landbrukstakst.**
- **Og når det gjeld kulturlandskapet, vil me at kommunen skal ta initiativ til rydding langs hovudvegane og auka bruk av tilgjengeleg beitemark.**

Reiselivet:

Vinje må framstå som eit attraktivt heilårs reisemål. I utviklinga skal det leggjast vekt på naturopplevingar, kulturtradisjonar, spesielle turistattraksjonar og tradisjonelle reiselivsbedrifter. Det er viktig å vidareutvikle samarbeidet mellom lokale og eksterne reiselivsbedrifter/investorar for å styrke Vinje som reisemål, og sikre heilårs arbeidsplassar i næringa. Me vil bruke "Vinje-Sterk"-programmet som basis for oppfølging av reiselivsutviklinga i kommunen, og arbeide for å sikre samfunnsinteresser i utbyggjinga ved at ein legg samarbeidsavtaler /utbyggjingsavtaler for fellestilltak til grunn, og at desse avtalene skal innehalde punkt om viltstell, fauna, fornminne m.m

Vidare går me inn for:

- **Vidareutvikling av Rauland turist og reisemål Haukeli / Vågsliid.**
- **Nasjonal turistveg over Haukelifjell.**
- **Å vera med å legge tilrette og utvikle "reisemål" i heile Vinje.**
- **Å arbeide for nytt overnattingstilbud i Åmot.**
- **Tettstadutvikling i Åmot, Rauland og Haukeli.**
- **Rasteplassar langs riks og fylkesvegane.**
- **Fleire lærlingplassar innan reiselivet.**

Handelsverksemdar:

Handelsnæringa i kommunen er inne i ei positiv utvikling. Denne gode trenden må kommunen stimulere vidare. Me treng handelstilbod på fleire område, og desse må utviklast i tettstadene i tråd med kva marknaden etterspør, og med aktiv medvirkning frå kommunen si side.

Me går inn for:

- **Å utvikle Åmot til handelssentrum i Vest-Telemark i samsvar med vedteken kommuneplan.**
- **Meir tenesteyting og større breidde i handelstilbodet.**

Samferdsle:

Samferdsletilhøva har mykje å seia for korleis det skal gå med busettinga og næringsutviklinga i kommunen. God vegstandard er avgjerande for å utvikle "den gode buplass", næringsliv og offentleg verksemd i vår kommune. Samarbeid over kommune- og fylkesgrenser er heilt nødvendig for å påvirke avgjerdene til sentrale styresmakter.

Me går inn for:

- **Opprusting av E 134 og rv 36, (med alt. finansiering).**
- **Opprusting av Rv 37.**
- **Norsk bane (høgfartsbane over Haukeli).**
- **Revisjon av regionalt samarbeid i starten av valgperioden (inkl.Tinn).**
- **Landingsplass for helikopter.**

Barn og ungdom:

Gode oppvekstvilkår for barn og ungdom er avgjerande for ei god samfunnsutvikling. Berre om slike er til stades vil dei unge kunna yte det som skal til for at bygdesamfunna våre skal vera aktive og kreative. Det ligg godt til rette for ei slik utvikling i Vinje.

Me går inn for

- Styrking /utvikling av klubb- og fritidsaktivitetar for unge.
- Internettkafear.
- Styrking av ungdoms- og fritidsarbeidet.
(Større ressurs til ungdoms- og fritidsleiar)
- Gjeninnføring av ordninga med kommunalt tilskot til skuleungdom i sumararbeid.

Om barnehagane:

Det skal vera brukarvennlege barnehagar i heile kommunen.

Desse bør ha:

- Fleksible opningstider.
- Graderte barnehagesatsar, slik det er idag.

Om skulane:

Ein skal halde fram med å vurdere den eksisterande skulestrukturen med utgangspunkt i pedagogiske og økonomiske forhold.

Vidare går me inn for:

- Utbetring av skuleanlegget i Åmot.
- Sikring av friområde ved skulane, særskilt ved skjerming mot 134 ved Vinje og Edland skular.
- Prosjekt skulemat.
- Vidareføring av arbeidet med moderne teknologi i skularbeidet.

Helse og sosialpolitikk:

Vedtekne planar innan helse og omsorgssektoren er så langt gjennomførde, og Vinje kommune har i fylgje fylkesmannen i dag eit av dei betre omsorgstilboda.

Vidare går me inn for:

- Telemedisin ved et medisinsk senter i Åmot.
- Å halde legekontora i Edland og Rauland ved lag (også ved bruk av privat praksis).
- Den offentlege tannhelsetenesta må styrkjast i Åmot, eventuelt i kombinasjon med privat praksis.
- Stipendordning for å rekruttere nyutdanna tannlegar.
- Fleksible bualternativ for eldre i Åmot.
- Styrkjing av ambulansetilbudet.
- Styrkjing av omsuta for demente.

Eldre:

Eldre får stadig lenger tid i pensjonistilværet, og mange har også betre helse og betre råd. Vinje Ap vil saman med eldreorganisasjonane i kommunen arbeide for ein meir aktiv bruk av etablerte tilbod og ordningar.

Vidare går me inn for:

- Frivillighetsentral.....(eldre hjelper eldre)
- Entreprenørskap.....(skule/eldre)

Kultur:

Vinje Ap støttar arbeidet for at nynorsken og bygdemålet framleis skal vera i aktiv bruk, og sameleis for at alle andre sider av kulturtradisjonen skal haldast ved lag og verta vidareutvikla. Det vil då seia at me ved sidan av vedlikehaldsstrevet også må søkje nye impulsar.

Vidare går me inn for:

- Styrkjing av kulturskolen (øyremerka midlar)
- Vidareutvikling av bibliotektenesta.
- Eit organisera "aktivt motormiljø" i kommunen.
- Varig ordning av motorferdsla i utmark vinterstid.
- Allsidigt idrottsarbeid.
- Tilretteleggjing for meir allsidig og aktiv bruk av samfunnshus og anlegg.

Miljø, Enøk og Klima:

Me går inn for:

- Fortgang i planleggjing og byggjing av mikro- og småkraftverk.
- Tilgang på miljøvennleg drivstoff ut i distrikta.
- Tilretteleggjing for bruk/produksjon av biomasse/energi og pellets i hushald og bedrifter.
- Sommarvasstand i magasina.
- Utvikling av miljøsikre kloakk- og renseanlegg i utbyggingsområde.

Kommunal forvaltning og administrasjon:

Me går inn for:

- Å halde fram arbeidet med å effektivisere og modernisere kommunen.
- Å syte for at kommunen og einingane tek arbeidsgjevaransvaret på alvor, og driv personalpolitikk i samarbeid med dei tilsette sine tillitsvalde.



Norsk Bøne AS

Haukelingen



Vinje arbeidsparti

VALLISTA TIL KOMMUNEVALET

2007

<u>NR</u>	<u>NAMN</u>	<u>FØDSELSÅR</u>	<u>ADRESSE</u>
1	Børre Arnold Rønningen	1949	3890 Vinje
2	Gunn Aslaug Seltveit Bøe	1952	Arabygdi, 3864 Rauland
3	Tor Strømme	1935	3890 Vinje
4	Hans Vandaskog Nesheim	1962	3895 Edland
5	Ellen Gardsteig	1966	3864 Rauland
6	Christian Kongshem	1968	3864 Rauland
7	Haldis Kleiv	1960	Bøgrend, 3890 Vinje
8	Aslak Dale	1938	Øyfjell, 3890 Vinje
9	Erlend Larsen	1960	3864 Rauland
10	Gerd Inger Skjævesland	1949	3890 Vinje
11	Arill Hermansen	1966	3895 Edland
12	Anne Lise Verpe Sandok	1963	Nesland, 3890 Vinje
13	Halvor Midtveit	1935	3895 Edland
14	Per Øivind Røisgaard	1952	3890 Vinje
15	Elin Vassbotn	1977	3895 Edland
16	Svein Ekre	1954	Grungedal, 3895 Edland
17	Pål Heiland	1953	3890 Vinje
18	Olav H. Seltveit	1943	Arabygdi, 3864 Rauland
19	Britt Hege Bakken	1969	3864 Rauland
20	Sverre Nesheim	1957	3895 Edland
21	Björg Lien	1933	Møsstrand, 3864 Rauland
22	Roar Berg Hansen	1932	3890 Vinje
23	Karen Seltveit	1950	Arabygdi, 3864 Rauland
24	Tor Ivar Aamot	1979	Øyfjell, 3890 Vinje
25	Gunvor Strømme	1942	3890 Vinje
26	Finn Moi	1965	3864 Rauland
27	Aanund Olsnes	1949	3890 Vinje
28	Ann Helene Lia	1976	3864 Rauland
29	Ågot Storlid	1932	3864 Rauland
30	Gregar Versto	1974	3890 Vinje
31	Anette Kleiv	1983	3864 Rauland